

Senterpartiet i Sauda

VALPROGRAM

2019 - 2023

**VIL DU AT ASBJØRN SKAL FORTSETTA
SOM ORDFØRAR NESTE PERIODE?**



**DÅ ER SENTERPARTIET
DET RETTE VALET!**



Finn oss på



facebook.com/saudasp

Me har i fire år – med ordføraren i spissen - vore med og styrt Sauda i positiv retning og vil vidareføra eit godt omdømme og skapa vekst i åra som kjem. I Senterpartiet sitt nasjonale program er langsiktig forvalting, eit samfunn bygd nedanfrå og opp, gode tenester nær folk, deling av samfunnsgode, bevaring av dyrka mark og ein politikk som tek heile Noreg i bruk viktige hovudlinjer. Dette er verdiar me i Senterpartiet i Sauda legg til grunn for arbeidet vårt.

ARBEIDSPLASSAR

Senterpartiet meiner at ei av dei viktigaste oppgåvene framover blir å sikra og vidareutvikla eksisterande arbeidsplassar samt **legga til rette for nye**. Me vil jobba for økt **kommunal satsing på næringslivsutvikling** i nært samarbeid med eksisterande næringsliv i Sauda. Senterpartiet vil legga meir til rette for å drive med **jord- og skogbruk**. Me ønskjer òg **fleire reiselivsaktørar, ny kraftforedlande industri og anna verksemd** som kan gi mange arbeidsplassar. Kommunen bør ha ei **offensiv tilnærming** for å selja Sauda ute i verda.

SAMFERDSEL

For å få til **nyetableringar og folkevekst** er me avhengige av **rask og god tilkomst til og frå Sauda**. Dagens vegar inn og ut av Sauda må haldast ved like og utbetraast, og me vil arbeida vidare med **vegtilknyting til E134 gjennom «Saudatunnelen»**: Dette vil bli ein viktig heilårsveg som vil knyta Sauda tettare til Hordaland, Sunnhordland og Hardanger. Me er også avhengige av **gode offentlege transportmiddel** og vil arbeida både på fylkesnivå og nasjonalt nivå for å styrka dagens kollektivtilbod med **buss og hurtigbåt**. Utfartsvegane våre er viktige for fastbuande og besøkande, og me vil **prioritera oppgradering av vegen til Nordstøldalen** den kommande perioden. Høgfartstog mellom dei store byane i Noreg vil knyta landet saman og Sauda tettare på store byar som Stavanger, Bergen og Oslo. Senterpartiet vil **halda trykket oppe på arbeidet for å få bygd høgfartstog over Haukelisundet**. Dette er både berekraftig og klimavennlig.

BEREKRAFTIG ØKONOMI

Senterpartiet vil **arbeida for låg gjeldsgrad** slik at me frigjer meir pengar til drift av eldreomsorg, skule, barnehagar og næringsutvikling. Sittande regjering vil ikkje gi oss i distrikta store handlingsrom dei neste åra, og **prioriteringane i driftsbudsjetta blir tøffe**. Men me meiner at dei fire åra me har bak oss viser at **me kan styra kommunen og at den økonomiske situasjonen har blitt betre**.

TRIVSEL

For at Sauda skal vera **attraktiv for fastbuande, tilflyttarar og besøkande** vil me legga til rette for eit **levande sentrum**, god aktivitet på Folkets Hus og Sauda-hallen, eit rikt **frivillig organisasjonsliv, turløyper** samt **løypekjøring**, attraktive hus- og hyttetomter og eit **interessant reiselivstilbod**.

HELSE OG OMSORG

Senterpartiet meiner **talet på omsorgsplassar til pleietrengande skal stå i stil med behovet**. Me trur det er **rom for forbetring innan eldreomsorg** med tanke på **organisering, rekruttering, digitalisering og kompetanseheving**, og me vil vera pådrivarar for dette i samarbeid med dei tilsette. Me ønskjer spesielt å gjera om **fleire av dei heimebaserte døgnbemannna bufellesskap** på **Åbøtunet til institusjonsplassar**. I tillegg vil fokus på **folkehelse og psykisk helse** for både born og vaksne vera viktig for oss framover.

OPPVEKST

Senterpartiet vil prioritera **tidleg innsats i barnehagar og skular** samt **styrking av helsestasjon**. Gjennom førebyggande arbeid vil me kunna spara enkeltindivid for lidingar og samfunnet for store utgifter. Me har trua på **tenester nær folk** og vil ha ein struktur i skule og barnehage som underbygger dette. Det viktigaste er å sikra god kvalitet og forsvarleg drift på lang sikt. For oss er det òg viktig med **ei god skulehelseteneste**, og me vil satsa vidare på **gode ungdomstilbod**.

KLIMA OG MILJØ

Senterpartiet vil jobba for **bruk av fjernvarme frå smelteverket**, både til **ny grøn industri** og for å nytta energien i kommunen på ein berekraftig måte. Senterpartiet vil òg legga til rette for **auka lokal matproduksjon** og eit **miljøretta aktivt skogbruk**. Me ønskjer meir **gjenbruk**, fokus på **rettferdig handel** samt å satse vidare på **berlekraftige reisemål** og at fleire bedrifter i Sauda skal bli **Miljøfyrtårn**. Sauda har korte avstandar til alt, og dette kan utnyttast i eit klimaperspektiv. Me vil legga til rette for at det er enkelt å gå og sykla i kommunen, samt vera positive til nye miljøvennlige kollektivtilbod og smarte mobilitetsløysingar.

FRIVILLIG ARBEID

Senterpartiet vil støtta opp om det fantastiske frivillige arbeidet som blir gjort i Sauda og som er **avgjerande for trivselen til heile bygda**. Me ønskjer å setta meir fokus på **frivillig arbeid for og av eldre**. Denne gruppa har mykje å bidra med, og frivillig arbeid gir **better helse og økt livskvalitet** ikkje berre for mottakarane, men endå meir for dei som utfører arbeidet.

1



Ordførarkandidat **Asbjørn Birkeland**

37 år, har vore **ordførar** i Sauda sidan forrige valg. Asbjørn **brenn for Sauda** og er spesielt engasjert i **næringsutvikling** og at kommunen skal levere **gode tjenester** til dei som treng det.

2



Sigrid Bojesen Fatnes

35 år, jobbar som **hydrolog** i Statkraft. Sigrid har eit stort engasjement for Sauda, og er spesielt opptatt av å oppretthalde **eit godt hurtigbåttilbod** samt sikre **vegtilknyting mot E134** for å få til nyetableringer og folkevekst.

3



Morten Maldal

33 år, jobber i vedlikehaldsavdelinga i Saudefaldene. Morten er opptatt av å leggje til rette for **fleire arbeidsplassar**, eit bredt **aktivitetstilbod for ungdom** og **frivillig arbeid**.

- | | | |
|--------------------------|-----------------------------|--------------------------|
| 4. Elin Storesund Brekke | 11. Mats Hustveit Breivik | 18. Zana Sakalaviciene |
| 5. Knut Morten Ask | 12. Jane Nordhagen Istad | 19. Atle Løland |
| 6. Haldis Eikeland | 13. Andreas Brekke | 20. Inga-Cecilie Sørheim |
| 7. Ola Magnar Birkeland | 14. Siren Mjåset | 21. Svein Ramsnes |
| 8. Silje Eriksen | 15. Arild Fosstveit | 22. Sigvald Romsø |
| 9. Per Aksel Birkeland | 16. Tone Anita Molla | 23. Vegard Birkeland Rød |
| 10. Nora Fosstveit | 17. Ivar Johannes Handeland | 24. Nils Jarle Sandanger |

Bli medlem i Senterpartiet SMS: SP til 2360 Senterungdommen SMS: SUL til 2360